

# 10 gode grunnar for å handle lokalt

Nærbutikken er viktig for eit levande lokalsamfunn, både som servicesenter og som møteplass. Når du handlar lokalt, støttar du opp om det som skjer i lokalsamfunnet ditt. Dersom butikken forsvinn, blir bygda mindre attraktiv på alle måtar.



## 1. Nærbutikken er eit nav i lokalmiljøet.

Butikken spelar ei nøkkelrolle i mange lokalsamfunn. Fleire stader blir det etablert nye arbeidsplassar rundt butikken. Regjeringa ser på butikken som ein svært viktig faktor i arbeidet med å skape gode lokalsamfunn, med vekst og verdiskaping.

## 2. Butikken er ein viktig del av infrastrukturen i distrikts-Norge.

Nærbutikken er like viktig som skule og barnehage. Utan tilgang på ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet, er det vanskeleg å få unge familiar til å busetje seg utanfor byar og større tettstader. Derfor har Kommunal- og moderniseringsdepartementet eit eige program for utvikling av distriktsbutikkar (Merkur-programmet).

## 3. Nærbutikken er bygdas servicesenter.

Dei fleste distriktsbutikkane har mange tilleggstenester utover sal av daglegvarer. Butikkane utfører viktige service-oppgåver ved å tilby post, bank, tipping, sal av drivstoff og liknande. Dette er tenester som vil forsvinne, dersom butikken blir lagt ned.

## 4. Nærbutikken er god på service.

Kjøpmannen vil gjerne yte litt ekstra. Nokre butikkar leverer varer heim til sjuke og eldre. Andre butikkar organiserer transport til butikken.

## 5. Nærbutikken er ein viktig møtestad.

Butikkane har ein kaffikrok der folk kan treffast. I fleire bygder er dette den einaste møteplassen som open for alle. Butikken sin sosiale funksjon er spesielt viktig for eldre som er lite mobile. Butikk-tilbodet gjer det mogleg å bu lenger heime, før eventuell innflytting på institusjon.

## 6. Butikken er bygdas vertskap.

Fleire butikkar satsar på turisme eller hytte-utleige. Når turistar og andre reisande lurar på kvar dei kan få informasjon om lokale tilbod, stoppar dei gjerne på butikken. Kvar skal dei elles kome i kontakt med lokalkjende folk?

## 7. Butikken gjer bygda meir attraktiv.

Butikk-tilbodet er med på å gjøre bygda attraktiv for nyetablering, både av fastbuande og hyttefolk. Når hus og hytter blir lagt ut for sal, blir det alltid opplyst at det er kort veg til nærmaste butikk – dersom der er ein butikk i nærleiken. Eigedomsmeclarane veit at butikk-tilbod betyr noko for prisen på ein eigedom.

## 8. Nærbutikken støttar lokale aktivitetar.

Nærbutikkar støttar opp om lokale aktivitetar, gjennom sponsing og samarbeid med lokale lag og organisasjoner. Dei frivillige organisasjonane er langt på veg avhengige av lokale støttespelarar for å kunne halde oppe eit godt idretts- og kulturtild.

## **9. Butikken er ein del av det lokale næringslivet.**

Nærbutikken er ein viktig del av det lokale næringslivet. Når du handlar lokalt, støttar du opp om lokale arbeidsplassar. Du støttar også opp om ei bedrift som betalar skatt til kommunen. Kvar krone som du handlar lokalt, er ei investering i eit levande lokalsamfunn.

## **10. Det er miljøvenleg å handle lokalt.**

Når du handlar lokalt, sparar du lange og unødvendige bilturar. Det er bra for miljøet.

### **Nærbutikken er navet i lokalmiljøet**

«Nærbutikker er viktige for å skape gode lokalsamfunn, med vekst og verdiskaping».

Jeg vil oppfordre kunder om å bruke nærbutikken sin. Dess mer butikken blir brukta, dess bedre blir den.»

Jan Tore Sanner, kommunalminister.

### **Kva skjer dersom butikken blir lagt ned?**

- Det blir meir tungvindt og tidkrevjande å få tak i daglegvarer, spesielt for eldre
- Bygda misser viktige service-funksjonar som post, bank, tipping mm
- Bygda misser ein felles møteplass
- Bygda blir mindre attraktiv for tilflytting og etablering av næringsverksemd
- Lågare prisar på hus og hytter

### **Det er ditt val om du handlar lokalt**

Nærbutikken fungerer ikkje berre som daglegvarebutikk , men også som servicesenter og møteplass. Dersom du meiner det er viktig å ha ein butikk i bygda, vil det vere klokt å handle mest mogleg lokalt. Elles risikerer du at butikken forsvinn, med dei konsekvensane det har for bygdas framtid.

Når du har busett deg utanfor by og større tettstader, så har du på mange måtar gjort eit verdival. Dersom du gjer innkjøp hos det lokale næringslivet, er du med på å byggje opp under dette valet. Når du handlar på lokalbutikken, er du med på å bidra til eit aktivt og livskraftig lokalsamfunn.

Kvar krone som du handlar lokalt, er ei investering i eit levande lokalsamfunn.

Sats på bygda, handle lokalt!

Helsing

Merkur-programmet

